

Mellom

REIGSTAD BYGG OG EIGEDOM AS (org nr 982 231 345)

og

NYHAMMER EIENDOM (org nr. 977 360 927)

er det inngatt slik

Avtale

1 Innledning

Vedtatt reguleringsplan for område Alverneset plan ID: 1263-201-4000 omfatter område eigd av Reigstad Bygg og Eigedom as (RBE). I planarbeidet og som det er vist til i planbeskriving har det vore planlagt at gbnr 137 259, Nyhammer Eiendom (NE) sine 7 bustader skal kunne delta innan denne planen med mellom anna tilkomst, parkering og leikeareal.

Avtalen sin første del (pkt. 2) sikrar dei 7 bustadene på gbnr 137/259 like rettar som andre bustader innan planen i høve fellesanlegga på gbnr 137 28, her under tilkomst, veg, vatn, avlop, straum, fiber, post og renovasjon, samt leikeareal.

Vidare sikrar avtalen dei 7 bustadene 11 parkeringsplassar og tilkomst til fra parkering på gbnr 137 800, samt tilkomst til felles leikeareal på gbnr 137 28.

Avtalen sin andre del (pkt. 3) gjeld arealoverføring av området BKS2 til NE, som vil sikre dei 7 bustadene gangtilkomst rundt bygget på gbnr 137/259, til mellom anna vedlikehald.

Pkt. 4 seier at dei 7 bustadene på gbnr 137 259, også har plikter og lyt delta i vel veglag og sameige og på lik linje med andre lyt dekke kostnader til drift av fellesanlegga.

Avtalen sin 3.dje del (pkt. 5) gjev gbnr 137/799 (FR1området) ferdselsrett over kai på gbnr 137 259 og rett til bygging av bru over til Friområde i Alvernesetplanen. Almenta alle skal kunne nytte denne ferdselsretten. Dette sikrar moglegheit for tilkomst via Isdalsto kaiområde til friområdet (FR1) og kyststien som ligg på gbnr 137/799.

Vidare gjev punktet 5, i hovudsak mogleigeheit for alle beburarne innan Alverneset reguleringsplan tilkomst til Isdalsto Kaiområde via NE sin eigedom (gbnr 137 259 nordside).

Denne intensjonsavtalen regulerer kjøp og byte av rettar mellom NE med sine 7 bustader og RBE i samsvar med dette.

Til avtalen finnast 3 vedlegg.

1. Godkjent reguleringsplan kart datert 08.04.2016
2. Teikning av parkeringskjellar gbnr 137 800 med omtala seksjon 6 datert 21032018
3. Situasjonsplan 3a og detaljkart 3b datert 16082018 som viser dei ulike punkta i avtalen. Tekst har forrang fore kart og teikningar

KAR

AN